



Kommunestyret

Innkalling

Møtedato: 09.12.2019
Møtestad: Biblioteksalen
Møtetid: Kl. 16:30

Utvalsmedlemene vert med dette kalla inn til møte.
Varamedlemene møter berre etter særskilt innkalling.

Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melda frå så snart råd er på tlf. 51 71 47 00 eller på e-post: politisk.sekretariat@finnoy.kommune.no

Finnøy
02.12.2019

Henrik Halleland
ordfører

Randi-Merete Lode
politisk sekretær

Sakliste

| Sak nr. | Saktittel |
|----------------|---|
| 038/19 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| 039/19 | Godkjenning av møteprotokoll |
| 040/19 | Lokalpolitisk vedtak for å delfinansiere gang- og sykkelveg mellom Judaberg og Nåådå med bompengar frå Finnfast |
| 041/19 | Oppfølging av forvaltningsrevisjonen Skulehelsetenesta i Finnøy kommune |
| 042/19 | Oppseiing av samarbeidsavtale for Ryfylke legevakt |
| 043/19 | Godkjenning av møteprotokoll - 09.12.2019 |

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|-------------------|----------|---------------|
| Randi-Merete Lode | K1 - 033 | 19/9842 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 038/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Godkjenning av innkalling og sakliste

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Innkalling og sakliste vert godkjend slik dei ligg føre.

Finnøy 02.12.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|-------------------|----------|---------------|
| Randi-Merete Lode | K1 - 033 | 19/8329 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 039/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg

1. Protokoll - Kommunestyret - 07.10.2019

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Møteprotokollen vert godkjend slik den ligg føre.

Finnøy 21.10.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|---------------------------|----------|---------------|
| Marit Magdalene Schweiker | K2 - Q21 | 19/9079 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 048/19 | Formannskapet | 28.11.2019 |
| 040/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Lokalpolitisk vedtak for å delfinansiere gang- og sykkelveg mellom Judaberg og Nåådå med bompengar frå Finnfast

Vedlegg

1. Tilråding om lokalpolitiske vedtak om delvis bompengefinansiering av Fv 519 Judaberg - Nåådå
2. Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering av Fv 519 Judaberg - Nåådå

Forslag til vedtak frå rådmannen:

1. Kommunestyret i Finnøy sluttar seg til at utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nåådå blir delvis finansiert med bompengar frå den eksisterande bompengeordninga for prosjektet Finnfast med tilknytning til Talgje, slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen datert 08.11.2019
2. Styringsramma for utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nåådå er fastsett til 30 mill. 2019-kr og kostnadsramma til 33 mill. 2019-kr.
3. Det er føresett at 25 mill. 2019-kr av styringsramma blir finansierte med bompengar og 5 mill. 2019-kr med fylkeskommunale midlar.
4. Eventuell kostnadsauke ut over prisstigning skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprosjekt. Kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med bompengar og fylkeskommunale midlar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er fylkeskommunens sitt ansvar og blir dekte med fylkeskommunale midlar.
5. Det er ikkje lagt opp til nokon endringar i takst- og rabattsystemet i den eksisterande bompengeordninga for Finnfast.

Finnøy 11.11.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Formannskapet 28.11.2019:

Innstillinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FSK- 048/19 VEDTAK:

- 1. Kommunestyret i Finnøy sluttar seg til at utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nådå blir delvis finansiert med bompengar frå den eksisterande bompengordninga for prosjektet Finnfast med tilknytning til Talgje, slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen datert 08.11.2019.**
- 2. Styringsramma for utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nådå er fastsett til 30 mill. 2019-kr og kostnadsramma til 33 mill. 2019-kr.**
- 3. Det er føresett at 25 mill. 2019-kr av styringsramma blir finansierte med bompengar og 5 mill. 2019-kr med fylkeskommunale midlar.**
- 4. Eventuell kostnadsauke ut over prisstigning skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt. Kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med bompengar og fylkeskommunale midlar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er fylkeskommunens sitt ansvar og blir dekte med fylkeskommunale midlar.**
- 5. Det er ikkje lagt opp til nokon endringar i takst- og rabattsystemet i den eksisterande bompengordninga for Finnfast.**

Saksopplysningar

Rogaland fylkeskommune vedtok i fylkestingssak 29/13 at

Utbedring av vei og bygging av gang- og sykkelvei fra Judaberg til tunnelåpningen (Fv 519) søkes finansiert med bominntekter fra prosjektet Finnfast. En tilsvarende søknad sendes til Samferdselsdepartementet.

Kommunestyret i Finnøy fatta på møte 19. desember 2018 følgjande prinsippvedtak (KST-063/18):

- 1. Finnøy kommune gjer prinsipiell tilslutning til at vidare utbygging av gang- og sykkelveg for strekninga Judaberg – Nådå kan finansierast ved bruk av bompengar frå Finnfast.*
- 2. Finnøy kommune ber Statens vegvesen om å utarbeide finansieringsanalys, som grunnlag for sak vedr. Forlengelse av bompengordninga i Finnfast.*

Statens vegvesen sendte 8.november 2019 «Tilråding om lokalpolitiske vedtak om delvis bompengefinansiering av Fv 519 Judaberg – Nådå i Finnøy kommune» som grunnlag for endeleg lokalpolitisk handsaming.

Tilrådinga er basert på vedlagte faglege grunnlag som på si side tek utgangs punkt i prinsippvedtaket av kommunestyret i Finnøy (KST-063/18).

Statens vegvesen ber om endeleg lokalpolitisk handsaming i Finnøy og Rennesøy kommunar.

Finnøy, Stavanger og Rennesøy kommune blir frå 1. januar 2020 ein del av nye Stavanger kommune. Dei "gamle" kommunestyra har vedtaksmynde fram til 31.12.2019 i saker som skal slutthandsamast i dagens Finnøy, Rennesøy og Stavanger kommune. Alle saker til politisk handsaming blir gjennomgått i PA (politikk/administrasjon)- møte der rådmennene i Stavanger, Rennesøy og Finnøy og ordførarane i dei tre kommunane samt ordførar i nye Stavanger kommune blir samde om kvar sakene skal handsamast. Sak om lokalpolitisk vedtak for delfinansiering av gang- og sykkelveg Judaberg-Nådå blei diskutert i dette utvalet 18. oktober 2019. Det er semje om at saka skal handsamast av kommunestyra i dagens Finnøy og Rennesøy kommunar som er dei som har gjort tidlegare vedtak i

saka. Gang- og sykkelvegen ligg i dagens Finnøy kommune og bomstasjonen i dagens Rennesøy kommune.

I følgje Statens vegvesen er det viktig at Finnøy og Rennesøy kommune og Rogaland fylkeskommune fattar likelydande vedtak med sikte på å få saka endeleg vedteke i Stortinget.

Statens vegvesen tilrår følgjande likelydande vedtak:

1. Kommunestyret i Finnøy sluttar seg til at utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nådå blir delvis finansiert med bompengar frå den eksisterande bompengordninga for prosjektet Finnfast med tilknytning til Talgje, slik det er skissert i det faglege grunnlaget frå Statens vegvesen datert 08.11.2019
2. Styringsramma for utbygginga av Fv 519 Judaberg-Nådå er fastsett til 30 mill. 2019-kr og kostnadsramma til 33 mill. 2019-kr.
3. Det er føresett at 25 mill. 2019-kr av styringsramma blir finansierte med bompengar og 5 mill. 2019-kr med fylkeskommunale midlar.
4. Eventuell kostnadsauke ut over prisstigning skal dekkjast i samsvar med gjeldande retningslinjer for bompengeprojekt. Kostnadsauke opp til kostnadsramma skal dekkjast med bompengar og fylkeskommunale midlar etter same prosentvise fordeling som innanfor styringsramma. Eventuelle overskridingar ut over kostnadsramma er fylkeskommunens sitt ansvar og blir dekte med fylkeskommunale midlar.
5. Det er ikkje lagt opp til nokon endringar i takst- og rabattsystemet i den eksisterande bompengordninga for Finnfast.

Etter at saka er handsama i kommunane vil Statens vegvesen sende saka til Rogaland fylkeskommune. Fylkeskommunen vil fatte endelege vedtak og sende saka til Samferdselsdepartementet for handsaming i Stortinget.

Vurdering

Rådmannen vurderer at Statens vegvesen har gjort ein god analyse, basert på Finnøy kommunestyre sitt prinsippvedtak der dei også har innarbeida administrative innspel frå Finnøy kommune. Eit vedtak i tråd med forslaget i Finnøy og Rennesøy kommunar samt Rogaland Fylkeskommune vil vere den raskaste måten å realisere gang- og sykkelvegen Judaberg-Nådå på.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret i Finnøy kommune sluttar seg til Statens vegvesen si tilråing slik den ligg føre i 5 punkt.

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|---------------------------|----------|---------------|
| Marit Magdalene Schweiker | K1 - 026 | 19/8232 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 041/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Oppfølging av forvaltningsrevisjonen Skulehelsetenesta i Finnøy kommune

Vedlegg

1. Oppfølging av forvaltningsrevisjonen Skulehelsetenesta i Finnøy kommune
2. RR Finnøy 2019 Skulehelsetjenesten
3. Sakspapir Kontrollutval: Oppfølging av forvaltningsrevisjonen Skulehelsetenesta i Finnøy kommune
4. Vedtak Kontrollutval, 05112019, Sak 18_19, Oppfølging av forvaltningsrevisjonen Skulehelsete

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Kommunestyret tek oppfølging av forvaltningsrevisjon av skulehelsetenesta i Finnøy kommune til orientering.

Finnøy 19.11.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Saksopplysningar

Kontrollutvalet i Finnøy bestilte 06.11.2018 ein forvaltningsrevisjon om skulehelsetenesta. Føremålet var å evaluere det helsefremjande og helseførebyggjande arbeidet av skulehelsetenesta i kommunen.

Rapporten vart lagt fram i mai 2019, saman med rådmannen sin kommentar.

Rogaland Revisjon kom med følgjande tilråding:

- å sikre at helsesjukepleiar er til stades ved foreldremøte og kan informere om helseinformasjon
- å vurdere oppretting av eit ressursteam for oppvekstsentra
- å sikre at skulen, oppvekstsentra og skulehelsetenesta tek samtykkeskjemaet I bruk
- å sørgje for betre informasjon på kommunen, skulen og oppvekstsentera sine heimesider om skulehelsetenesta.

Kommunestyret handsama rapporten på møte 17.06.2019 og fatta følgjande vedtak (KST-030/19)

Kommunestyret i Finnøy tek forvaltningsrevisjonen «Skulehelsetenesta» til orientering. Rapporten vert vidaresendt til rådmannen, som vert beden om å følgje opp rapporten sine konklusjonar og tilrådingar. Rådmannen gjer tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er følgd opp, innan 14. oktober 2019.

I e-post datert 2. oktober 2019 ber Rogaland Kontrollutvalgssekretariat rådmannen om tilbakemelding på korleis kommunen har følgd opp revisjonen sine konklusjonar og tilrådingar etter forvaltningsrevisjonsrapporten Skulehelsetenesta i Finnøy innan 24. oktober 2019.

Vurdering

Rådmannen har følgd opp tilbakemeldingar frå Rogaland Revisjon på følgjande måte:

- Skulen, oppvekstsentera og skulehelsetenesta tek samtykkeskjemaet i bruk. No vert same skjema (utarbeida av Stavanger kommune) brukt på alle skulane.
- Det er vurdert å opprette eit ressursteam for oppvekstsentera. Dette lot seg dessverre ikkje gjere innanfor gjeldande rammer. Dagens ordning inneber at alle elevar på Finnøy sentralskule (82% av elevande) nyt godt av ressursteam.
- Det er lagt til rette for at helsesjukepleiar i størst mogleg grad er til stades på foreldremøte for å informere om helse.
- Informasjon om helsetilbodet er presisert på heimesida. Vidare vil skulane betre informasjonen om skulehelsetenesta gjennom bruk av “min skole” og andre kommunikasjonsformer som er retta mot elevar.

Rådmannen meiner at arbeidet med ei endå betre skulehelseteneste er godt på veg. Samstundes er dette eit kontinuerleg forbetningsarbeid som ikkje vil avsluttast med desse tiltaka. Rådmannen vil halde fram med det verdifulle evalueringsarbeidet også i framtida når Finnøy blir ein del av nye Stavanger kommune.

Konklusjon

Kommunestyret tek oppfølging av forvaltningsrevisjon av skulehelsetenesta i Finnøy kommune til orientering.

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|----------------------|--------------------|---------------|
| Heidi Bleie Skeiseid | K1 - 026, K2 - G21 | 19/9773 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 042/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Oppseiing av samarbeidsavtale for Ryfylke legevakt

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Dagens samarbeidsavtale mellom Rennesøy, Finnøy, Hjelmeland og Kvitsøy kommuner vert sagt opp opp med verknad frå og med 1.1.2020.

Finnøy 28.11.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Saksopplysningar

Det eksisterer to legevaksordningar innanfor dei framtidige kommunegrensene til nye Stavanger kommune – Ryfylke legevakt og Stavanger legevakt. Ryfylke legevakt omfattar Hjelmeland og Kvitsøy i tillegg til Rennesøy og Finnøy kommunar. Intensjonsavtalen mellom Rennesøy, Finnøy og Stavanger om ny kommune har føringar om framleis samarbeid mellom ny kommune og Hjelmeland og Kvitsøy kommunar.

Hjelmeland, Kvitsøy og nye Stavanger kommunar er no administrativt einige om forslag til avtale om eit vertskommunesamarbeid om Ryfylke legevakt. Prismodellen inngår i avtalen, det betyr at det òg er semja om dei økonomiske føresetnadane. Den framforhandla avtalen blir lagt fram for Stavanger kommunestyre for godkjenning.

Vertskommuneavtalen trer i kraft 1.1.2020, etter at dei tre kommunestyra har godkjent avtalen og signert. Stavanger kommunestyre kan ikkje sei opp dagens samarbeidsavtalar om Ryfylke legevakt. Finnøy, Rennesøy, Hjelmeland og Kvitsøy kommunar må formelt seie opp dagens samarbeidsavtale for at det ikkje skal føreligge to parallelle avtalar.

Den framforhandla avtalen representerer i all hovudsak ein vidareføring av dagens samarbeid og praksis i Ryfylke legevakt.

Med vertskommuneavtale i staden for dagens samarbeidsavtale tar Stavanger kommune som vertskommune eit større ansvar for den daglege driften av Ryfylke legevakt og for det medisinsk-faglege ansvaret i legevaktordninga.

Konklusjon

Rådmannen i Finnøy kommune rår til å seie opp dagens samarbeidsavtale for Ryfylke legevakt mellom kommunane Rennesøy, Hjelmeland, Kvitsøy og Finnøy, dette for at det ikkje skal liggje føre to parallelle avtalar.

Saksframlegg

| Sakshandsamar | Arkiv | JournalpostID |
|-------------------|----------|---------------|
| Randi-Merete Lode | K1 - 033 | 19/8976 |

| Saksnr | Utval | Dato |
|--------|---------------|------------|
| 043/19 | Kommunestyret | 09.12.2019 |

Godkjenning av møteprotokoll - 09.12.2019

Forslag til vedtak frå rådmannen:

Møteprotokollen vert godkjend slik den ligg føre.

Finnøy 06.11.2019

Karin Dokken Austvik
rådmann

Saksopplysningar

Kommunestyret har i dag sitt siste møte i Finnøy kommune og må dermed godkjenne møteprotokollen før møtet vert avslutta.